

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 12/1334 -  
Arkivkode: 111

---

Sakshandsamar: Helge Drange

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 73/12	FORMANNSKAPET	20.11.12
PS 72/12	KOMMUNESTYRET	11.12.12

### EIGEDOMSSKATT 2013

#### SAKSUTGREIING:

Vedtaket om utskriving av eigedomsskatt må gjerast kvart år i samband med budsjetthandlinga for det komande skatteåret, jf. Eigedomskattelva § 10.

#### INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2013 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2013 på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2013.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningslinjer.

#### HANDSAMING I FORMANNSKAPET 20.11.12:

Representanten John Martin Dale sette på vegne av Framstegspartiet slik framlegg til vedtak:

«Det vert innført eit botnfrådrag på eigedomsskatt tilsvarende kr. 200.000 for skatteåret 2013.»

Framlegget frå representanten Dale fekk 1 røyst (J.M.D) for og 6 røyster ( K.H, A.M.F, I.R, A.S, B.L, T.H.) mot.

Representanten Ingrid Restad sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Eigedomsskattesatsen for 2013 vert sett på 3 promille.»

Framlegget frå representanten Restad fekk 3 røyster ( K.H, A.M.F, I.R) og 4 røysta ( A.S, J.M.D, A.S, B.L, T.H) mot.

Framleggsstillarar tok dissens og det ligg då føre følgjande framlegg til vedtak frå formannskapet:

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 20.11.12:**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2013 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2013 på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2013.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 20.11.12 MED 3 RØYSTER  
(K.H, A.M.F, I.R):**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2013 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2013 på 3 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2013.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

**HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 11.12.12:**

Ingrid Restad trakk på vegner av Ap mindretalsframlegg om å auka eigedomsskatten for 2013.

Representanten John Martin Dale sette på vegner av Frp fram slikt framlegg til vedtak:

«Det vert å innføra botnfrådrag på kr 200.000 i 2013.

Finansiering:

Konkuranseutsejing av kommunale tenester: vaktmeister, vegvedlikehald og reinhald 500`

Kutta betalt spisepause 1000`»

Ved avrøysting fekk framlegg frå Frp 4 røyster (Frp), 17 representantar røysta for framlegget frå formannskapet ( Ap, Sp, Krf, H, V).

## **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 11.12.12:**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2013 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2013 på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2013.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.